



# DEN NORSKE KYRKJA

Askvoll sokneråd

## Møteprotokoll for Askvoll sokneråd

**Tid:** 18.08.2022 kl. 17:15-18:50

**Stad:** ASKVOLL

---

### Frammøtte:

Wenche Ness Gabrielsen	Nestleiar
Solfrid Løvik Hellevang	Medlem
Lillian Gjervik	Medlem
Kristin Rivedal Yndestad	Medlem
Jarle Magnus Vilnes	Medlem
Arnt Johny Langeland	Medlem
Terje Mork	Medlem
Ingvild Loftheim	Varamedlem

---

### Forfall:

Jostein Gryte	Leiar
Ole Kistrup Vilnes	Medlem
Bjørn Arne Mjåseth	Medlem
Kjell Olav Høstaker Nordheim	Medlem
Karen Anny Espedal	Medlem

---

### Møtande frå administrasjonen og andre møtande:

Rune Ziener	Kyrkjeverje
Sabina Baylarbayova	Kantor (innkalla til sak FR 2022/32)

---

### Saker handsama på møtet:

Saksnr	Uoff	Tittel	Sakshandsamar
SR 2022/29		Godkjenning av innkalling og dagsorden	RUNE ZIENER
SR 2022/30		Godkjenning av protokoll frå soknerådsmøte 16.06.2022	RUNE ZIENER
SR 2022/31		Skriv, meldingar og drøftingar	RUNE ZIENER
FR 2022/32		Heilskapleg plan for instrumenta i Askvoll sokn	RUNE ZIENER
SR 2022/33		Gudstenesteplan 3. oktober 2022-februar 2023	RUNE ZIENER
SR 2022/34		Oppfølging etter bispevisitasen 23.-26. mai 2022	RUNE ZIENER

Askvoll, 18.08.2022

Rune Ziener  
referent

---

## SR 2022/29 Godkjenning av innkalling og dagsorden

### UTGREIING

### INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd godkjenner innkalling og dagsorden som dei ligg føre.

### MØTEHANDSAMING

### SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd godkjenner innkalling og dagsorden som dei ligg føre.

---

## SR 2022/30 Godkjenning av protokoll frå soknerådsmøte 16.06.2022

### UTGREIING

### INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd godkjenner protokollen frå møtet 16.06.2022 som den ligg føre.

### MØTEHANDSAMING

### SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd godkjenner protokollen frå møtet 16.06.2022 som den ligg føre.

---

## SR 2022/31 Skriv, meldingar og drøftingar

### UTGREIING

Følgjande skriv, meldingar og drøftingar var framme i møtet

- M 2022/21 Kva gjer vi med gamle gravminne? Kan vi starte arbeidet med bevaringsplan?
- M 2022/22 Ny biskop i Bjørgvin. Kandidatforslag frå Askvoll sokn (frist 1. september).
- M 2022/23 DJB Orgelverksted: Rapport etter befaring av orgelet i Kvammen (29.06.2022)
- M 2022/24 Status personale

### INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd tek skriv, meldingar og drøftingar til orientering.

### MØTEHANDSAMING

### SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd tek skriv, meldingar og drøftingar til orientering, men med følgjande merknadspunkt til M-sak 2022/21:

- a) ein set ikkje i gang arbeidet med bevaringsplan no
- b) ein vurderer omregulering av delar av nye kyrkjegarden i Askvoll til minnelund
- c) ein prioriterer å få fortgang i arbeidet med å destruere gamle gravminne

## FR 2022/32 Heilskapleg plan for instrumenta i Askvoll sokn

### UTGREIING

Ein bør ha ein heilskapleg plan for instrumenta i Askvoll, når ein no har ein del utfordringar framover fleire plassar.

Totaloversikt for dagens situasjon og moglege tiltak framover til drøfting:

#### Askvoll kyrkje

	Nosituasjon	Vurdering	Plan framover	Økonomi
O r g e l	Orgelet frå 1904 er nyleg fullrehabilitert (2019), og er i svært god stand.	Ingen spesielle behov, men bør ha regelmessig service.	Sikre regelmessig service.	Må sikre budsjettmidlar til regelmessig service.
P i a n o	Eldre akustisk piano som fungerer inntil vidare, men er i dårleg forfatning, og lønner seg ikkje å reparere ifølgje pianoforretning.	Vurdere på litt sikt å kjøpe inn nytt piano, digitalt eller akustisk.		
F l y g e l	Nyinnkjøpt brukt flygel frå 2000 i god stand.	Ingen spesielle tiltak nødvendig.		

## Holmedal kyrkje

	Nosituasjon	Vurdering	Plan framover	Økonomi
O r g e l	<p>Orgelet frå 1881 ventar på restaurasjon. Dette arbeidet bør utsetjast til etter ein er ferdig med bygnings-restaurasjonen.</p> <p>Ein har skriftleg avtale med orgelbyggjar om utsett oppstart til våren 2025 for restaurasjon av orgelet.</p> <p>Orgelet fungerer, men ikkje optimalt.</p>	<p>Det vil vere trong for eit erstatningsinstrument den tida orgelet er under restaurasjon (berekna 8 mnd.).</p> <p>Både ein ny digital synthesizer og det gamle harmoniet frå Vilnes (dersom dette viser seg å vere i brukbar stand) kan fungere bra som erstatningsinstrument</p>	Ein vurderer å kjøpe inn ein digital synthesizer som erstatnings-/reserv einstrument.	Kostnad under kr 30.000,-. Ein har tilgjengelege fondsmidlar.
P i a n o	Pianoet er dårleg, og framstår som «utslitt».	Det bør vere eit piano i Holmedal kyrkje. Vurdere å kjøpe inn nytt elektrisk piano, alternativt bruke synthesizer som piano.	Ein kan vurdere å kjøpe inn eit nytt elektrisk piano.	Kostnad frå kr 20.000,- og oppover. Her har ein tilgjengelege fondsmidlar.

## Kvammen kapell

	Nosituasjon	Vurdering	Plan framover	Økonomi
O r g e l	<p>Orgelet frå 1979 let seg ikkje stemme utan omfattande utbetringar (jf. tilstandsrapporten frå JB Orgelverksted).</p> <p>Orgelet er altså berre delvis funksjonelt.</p>	<p>Flåm si vurdering er at det ikkje er formålstenleg å setje dette i stand, og at det ikkje har nokon spesiell restverdi.</p> <p>Ein må vurdere å anskaffe eit nytt orgel til Kvammen på sikt.</p> <p>Som ei mellombels løysing inntil vidare kan ein vurdere ein digital synthesizer som erstatnings-/reserv einstrument i tillegg til pianoet.</p>	<p>Ein gjer ikkje ytterlegare utbetringar på orgelet i Kvammen, men kjøper snarast inn ein digital synthesizer som erstatnings-/reserv einstrument.</p> <p>Ein startar arbeidet med å vurdere eit nytt orgel (gjerne digitalt, jf. notatet frå Flåm).</p> <p>Ein startar prosessen med å arbeide for å sikre finansiering av eit nytt orgel.</p>	<p>Kostnad til synthesizer er under kr 30.000,-. Ein har tilgjengelege fondsmidlar i orgelfondet til Kvammen, men ikkje nok til å dekke heile summen.</p> <p>Eit nytt digitalt kyrkjeorgel som «kler» kyrkjerommet vil koste frå om lag kr 320.000,- og opptil ca. 400.000,-.</p>
P i a n o	Akustisk piano av eldre dato i ok stand.	Så lenge pianoet fungerer greitt, er ingen tiltak nødvendige.	Ingen utover stemming.	Få inn pianostemming i budsjettet.

**Vilnes kyrkje**

	<b>Nosituasjon</b>	<b>Vurdering</b>	<b>Plan framover</b>	<b>Økonomi</b>
O r g e l	Orgelet fungerer greitt, men det trengs ein mindre reparasjon av ein pedal.		Gjere dei nødvendige reparasjonane på kort sikt, samt sikre regelmessig service.	Sikre budsjettdekning for nødvendige reparasjonar og regelmessig service.

Det gamle orgelet frå Vilnes kyrkje (eit Vestre Harmonium frå 1954/1977) har stått på lager i litt over ti år. Dette er no mellombels flytta til Askvoll kyrkje, då ein mista lagringsmoglegheiten på Atløy.

Orgelet er ikkje testa etter lagringa, for her må ein ha ei ny type støpsel, men orgelet fungerte då det vart sett bort.

Ein må vurdere kva ein gjer med dette. Slik det står no, er det i vejen.

**INNSTILLING**

1. Ein finn ei snarleg løysing for å finne konkrete erstatningar/reserveinstrument for orgla i Kvammen og Holmedal.
2. I første omgang vert kjøp av digital synthesizer til Kvammen kapell innarbeidd i budsjettet 2023 då det er forventa om lag 6 mnd. leveringstid på tilrådd modell, og ein brukar ikkje meir pengar på eksisterande orgel i Kvammen.
3. Tilstanden på det gamle harmoniet frå Vilnes kyrkje vert vurdert, så ein ser om dette er eigna som erstatningsinstrument i Holmedal kyrkje under orgelrestaurasjonen.
4. Ein arbeider for å sikre finansiering av nytt orgel til Kvammen kapell.

**MØTEHANDSAMING**

Kyrkjeverja justerte sitt forslag til vedtakspunkt 2 etter drøftingar i saka i møtet til:

2. I første omgang vert det vurdert kjøp av digital synthesizer til Kvammen kapell, som evt. vert innarbeidd i budsjettet 2023 då det er forventa om lag 6 mnd. leveringstid på tilrådd modell, og ein brukar ikkje meir pengar på eksisterande orgel i Kvammen.

**SAMRØYSTES VEDTAK**

1. Ein finn ei snarleg løysing for å finne konkrete erstatningar/reserveinstrument for orgla i Kvammen og Holmedal.
2. I første omgang vert det vurdert kjøp av digital synthesizer til Kvammen kapell, som evt. vert innarbeidd i budsjettet 2023 då det er forventa om lag 6 mnd. leveringstid på tilrådd modell, og ein brukar ikkje meir pengar på eksisterande orgel i Kvammen.
3. Tilstanden på det gamle harmoniet frå Vilnes kyrkje vert vurdert, så ein ser om dette er eigna som erstatningsinstrument i Holmedal kyrkje under orgelrestaurasjonen.
4. Ein arbeider for å sikre finansiering av nytt orgel til Kvammen kapell.

---

## **SR 2022/33 Gudstenesteplan 3. oktober 2022-februar 2023**

### **UTGREIING**

Gjeldande gudstenesteplan for Askvoll sokn gjeld til og med 2. oktober 2022. Soknepresten har utarbeidd ny plan for perioden 3. oktober og ut februar 2023 (ligg ved).

Planen leggst fram for soknerådet for eventuelle innspel.

### **INNSTILLING**

1. Askvoll sokneråd har ingen merknader til planforslaget frå soknepresten for gudstenester i perioden 3. oktober 2022 og ut februar 2023.

### **MØTEHANDSAMING**

Forslag om tilleggspunkt sett fram i møtet av Arnt Johny Langeland:

2. Soknepresten vert bedt om å vurdere at det vet fleire familiegudstenester i Askvoll kyrkje i planperioden.

### **SAMRØYSTES VEDTAK**

1. Askvoll sokneråd har ingen merknader til planforslaget frå soknepresten for gudstenester i perioden 3. oktober 2022 og ut februar 2023.

2. Soknepresten vert bedt om å vurdere at det vet fleire familiegudstenester i Askvoll kyrkje i planperioden.

---

## SR 2022/34 Oppfølging etter bispevisitasen 23.-26. mai 2022

### UTGREIING

Den norske kyrkja sitt visitasreglement, i formålsparagrafen § 1, 4. ledd seier:

*«Formålet med bispevisitasen er å støtte, inspirere og veilede menigheter og ansatte, og gjøre kirkens nærvær synlig i lokalsamfunnet.»*

Vidare i 5. ledd, 2. setning står det at:

*«Sammen med menighetsråd og ansatte skal biskopen under visitasen gå inn i et felles arbeid for å prøve menighetslivet på Guds ord og vår kirkes bekjennelse, og inspirere til frimodighet og fornyelse.»*

Björgvin biskop har i sin visitasrapport etter visitasen i Askvoll i samsvar med dette oppsummert visitasen og gjeve kyrkjelyden følgjande seks konkrete utfordringar å arbeide med i tida framover:

*Hald fram med å arbeida for eit rikt og variert gudstenesteliv og gå til gudsteneste regelmessig, for di eiga skuld og for Guds skuld.  
Lær opp frivillige til å ta ansvar for opne kyrkjer  
Lag ein skule-kyrkjeplan med årshjul i samarbeid med skulen.  
Få opp eit tilbod for ungdom etter konfirmasjonstida. Bruk Samantemet frå bispedømet og lær opp unge leiarar.  
Ta initiativ overfor nabosoknet i Fjaler for å sjå om kyrkja og kommunane saman kan få til ei stilling som diakon eller diakoniarbeidar.  
Få i gang ei målretta gjevarteneste, og forkynn fram gjevargleda.*

Biskopen ber om tilbakemelding om eitt år om korleis det har gått med desse utfordringane. Soknepresten utarbeider forslag til slik ettervisitasrapport, som vert lagt fram for soknerådet til drøfting.

*Vurdering frå kyrkjeverja:*

Askvoll sokneråd bør utarbeide ein enkel plan for å følgje opp utfordringspunkta frå biskopen. Ein bør arbeide breidt, og involvere så mange som mogleg, både sokneråd, kyrkjelydsutval og tilsette for at dette vert eit felles prosjekt i soknet.

I første omgang, kan det vere greitt å peike ut kven som skal ha ansvar for følgje opp kvart enkelt utfordringspunkt, og fastsetje oppstartstidspunkt for kvart av punkta.

Om ein ser på kvart punkt i biskopen si oppmoding, kan ei tilnærming vere:

*Hald fram med å arbeida for eit rikt og variert gudstenesteliv og gå til gudsteneste regelmessig, for di eiga skuld og for Guds skuld.*

Her bør soknepresten ta eit hovudinitiativ og finne fram gode idear saman med sokneråd, kyrkjelydsutval og tilsette, om korleis ein kan utvikle gudstenestelivet.

Ein kan óg vurdere om ein bør etablere eit fast gudstenesteutval.



*Lær opp frivillige til å ta ansvar for opne kyrkjer*

Hovudansvaret for dette bør ligge hos kyrkjelydsutvala (som jo har etterspurt ei ordning med opne kyrkjer). Kanskje det bør opprettast «frivilleg-poolar» knytt til kvar kyrkjestad, som har ansvar for open kyrkje.

*Lag ein skule-kyrkjeplan med årshjul i samarbeid med skulen.*

Hovudansvar sokneprest og kyrkjelydspedagog i nært samarbeid med trusopplæringsutvalet

*Få opp eit tilbod for ungdom etter konfirmasjonstida. Bruk Samanteamet frå bispedømet og lær opp unge leiarar.*

Hovudansvaret her bør liggje hos kyrkjelydspedagogen og trusopplæringsutvalet. I gjeldande trusopplæringsplan har soknet tre konkrete tiltak/tilbod til ungdom etter konfirmasjonstida (opplegg Z og konfirmantreunion 1+2). Dette har vore gitt tilbod om i seinare tid, og fleire ungdommar har vore med. På seinsommaren vil også fleire ungdommar frå Askvoll vere med på ungdomssamlinga Vegkryss 2022, eit tilbod soknet er med på å finansiere.

*Ta initiativ overfor nabosoknet i Fjaler for å sjå om kyrkja og kommunane saman kan få til ei stilling som diakon eller diakoniarbeidar.*

Hovudansvar for dette bør liggje hos kyrkjeverja, som koordinerer utgreiing av saka saman med kyrkjeverja i Fjaler, for å få til ein heilskapleg modell, som evt. må gå til vedtak i begge sokneråda, før ein tek initiativ overfor kommunane, og evt. andre m.o.t. finansiering. Undervegs i prosessen bør det også vere nokre felles møte mellom sokneprestane, kyrkjeverjene og soknerådsleiarane i dei to sokna. Kanskje det også bør etablerast ei felles arbeidsgruppe for mtp. framtidig samarbeid om ei diakonistilling.

*Få i gang ei målretta gjevarteneste, og forkynn fram gjevargleda.*

Fast givarteneste er vanleg i kyrkjelydar rundt om. Det er varierende om ein kan støtte eitt eller fleire formål i kyrkjelyden. Døme på konkrete formål er lokalfinansierte stillingar, barne- og ungdomsarbeid, diakoni, konkrete prosjekt. Fast givarteneste kan bidra til å sikre stabile og forutsigbare gåveinntekter til kyrkjelyden. Om ein nyttar seg av ordninga, vil denne også vere omfatta av ordninga med skattefrådrag ved gåver.

Soknerådet må ta stilling til kva område(r), kyrkjelyden vil satse på, og så knytte gjevartenesta til denne.

Kyrkjeverja bør ha ansvar for å legge til rette for det praktiske rundt ordninga, samt tenkje på måten givartenesta vert «marknadsført».

**Forslag til gjennomføringsplan**

<b>Utfordring</b>	<b>Mål</b>	<b>Hovudansvar</b>	<b>Oppstart</b>
<i>Hald fram med å arbeida for eit rikt og variert gudstenesteliv og gå til gudsteneste regelmessig, for di eiga skuld og for Guds skuld.</i>	Eit variert gudstenesteliv og auka deltaking	Sokneprest, sokneråd,	Våren 2023
<i>Lær opp frivillige til å ta ansvar for opne kyrkjer</i>	Ein kan ha eit tilbod om opne kyrkjer i soknet	Kyrkjelydsutvala	Våren 2023
<i>Lag ein skule-kyrkjeplan med årshjul i samarbeid med skulen.</i>	Ein betre skule-kyrkjeplan	Sokneprest, kyrkjelydspedagog	-
<i>Få opp eit tilbod for ungdom etter konfirmasjonstida. Bruk Samanteamet frå bispedømet og lær opp unge leiarar.</i>	Betre tilbod i kyrkjelyden til ungdom etter konfirmasjonsalder	Kyrkjelydspedagog, sokneprest, trusopplæringsutval	-
<i>Ta initiativ overfor nabosoknet i Fjaler for å sjå om kyrkja og kommunane saman kan få til ei stilling som diakon eller diakoniarbeidar.</i>	Sikre ein samarbeidsmodell for ei diakonistilling	Kyrkjevevje, soknerådsleiar	Haust 2022
<i>Få i gang ei målretta gjevarteneste, og forkynn fram gjevargleda.</i>	Etablere gjevarteneste til utvald(-e) formål, som sikrer meir forutsigbarheit i gåveinntekter til soknet	Kyrkjevevje, sokneråd	Haust 2022

**INNSTILLING**

1. Askvoll sokneråd startar opp arbeidet med oppfølging av biskopen sine utfordringspunkt i samsvar med skissa frå kyrkjevevja.

**MØTEHANDSAMING****SAMRØYSTES VEDTAK**

1. Askvoll sokneråd startar opp arbeidet med oppfølging av biskopen sine utfordringspunkt i samsvar med skissa frå kyrkjevevja.